

L O V E R

for
L/L BONDEHEIMEN I FARSUND

(Godkjende paa skipingsmöte 8. mai 1920)

§ 1.
Laget sitt fyremaal er aa driva kaffistova og bondeheim i Farsund. Ingen hev lov aa njota rusdrykk i laget sitt hus eller paa laget sin eigedom. Lutlaget hev sæte og kontor i Farsund.

§ 2.
Lutmedelen er kr. 21,000.00 delt paa 210 luter. Desse lyder paa namn, og heile lutmedelen er innbetalt.

§ 3.
Eit styre paa 5 lemer med kvar sin varamann skal leida laget si drift. Det skal veljast av aarsmöte for 2 aar. Annakvart aar gjeng ifraa 2 eller 3 av styret og varamenn. Fyrste aaret vert det fastsett ved lutdrag kven som skal gaa ut. Styresmenn kan veljast uppatt, men kan og seia fraa seg attval i so lang tid som dei hev stade i styret i ein bolck. Styret vel sjölv formann og varaformann og hev rett aa tilsetja forretningsförar, og er det turvande kan det ta upp pantelaan eller andre laan som trengst for aa driva godt. Styret hev möte naar formannen finn det höveleg. 2 styrelemer kan og krevja styremöte. Styret er vedtaksfört naar 3 lemer (eller varamenn) möter.

§ 4.
Styret kallar saman aarsmöte i Farsund fyrr mars maanad gjeng, ved aa senda skriv til kvar röyesteför luteigar minst ei vika fyrr mötedagen. Paa mötet skal fylgjande saker fyre:

1. Etterset regnskap, og melding um drifti det framfarne aaret.

2. Val av styret med varamenn og kor stor lön styret skal ha.

3. Val av 2 ettersynsmenn med 2 varamenn og kor stor lönn dei skal ha.

4. Andre saker som styret vil ha fyre paa aarsmötet. Desse saker maa vera nemde i innkallingi til mötet.

Vidare hev aarsmötet aa godkjenna regnskap og aarsmelding. Det gjer vedtak um korleis ein skal nytta nettofortenesta. Hev det vore tap gjer aarsmötet vedtak um korleis ein skal dekkja det.

Naar det av fortенesta er lagt tilsides til skatter og fond fär luteigarane 7% i vinst av luterne sine. Det som daa er att av fortенesta vert skift soleis:

Losje "Lyngdals vel" og "Maallaget i Lyngdal" faar kvar 1/4, og dei andre losjerne i I.O.G.T. i Lista provsti som eig luter i laget, deler 1/4, og dei andre maallag i Lista provsti deler den andre 1/4 slik som aarsmötet fastsett.

§ 5.

Dersom styret finn det naudsynleg skal det kalla ihop umfrant luteigarmöte etter same reglar som er fastsett i vanlege aarsmöte. Lögmandsmöte maa og styret kalla saman naar luteigarar som tilsaman hev minst 5 röyster krav det.

§ 6.
 Berre dei maallag og losjer av I.O.G.T. som arbeider i Lista provsti og er luteigarar hev røysterett paa aarsmøte eller umframt luteigarmøte etter desse reglane: Losje "Lyngdals vel" og "Maallaget i Lyngdal" hev 4 røystar kvar. Dei andre maallag og losjer hev kvar 1 røyst. Andre luteigarar hev ikkje røysterett. Vert det seinare skipa nye losjer og maallag i Lista provsti, hev aarsmøtet for kvart einskild høve aa avgjere um dei skal faa røysterett.

§ 7.
 Lutlaget hev rett til aa löysa inn luterne til pari kurs med 7% rente fraa lutenvar innbetalt og til han vert innlöyst. Men alle maallag og losjer hev rett til aa ha att so mange luter kvar som dei hev røyster.

§ 8.
 Vert det spursmaal um aa brigda desse loverne eller aa löysa upp laget, maa dette gjerast etter dei reglar som "Lovi um lutlag" fastsett. Reglarne i nemnde lov vert og aa fylgja naar ikkje anna er fastsett her.

Dei dei	Landbrukslån	Andet uløst

Gjeld

11943

287

1936

7-8

1936